



Anne Laue

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/778 - 14/13575

Saksbehandlar:

Kathrine Straumøy Brakstad

kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

11.09.2014

Referat frå kontaktmøte 09.09.2014

Til stades:

Naturviterne

Utdanningsforbundet

Fagforbundet

NSF

Berit M. Eskeland

Adolf Hovgaard

Kjersti Vikebø Nesse

Lillian Torvund

Frå arbeidsgjevar møtte: Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen

Organisasjonsrådgjevar Guro Osnes

Personalkonsulent Kathrine S. Brakstad

Sak 1: Bruk av deltidstillingar

Fagforbundet ønskjer at det vert sendt ei påminning til tenesteområda om at bruk av deltidstillingar skal drøftast formelt på det enkelte tenesteområdet ein gong i året.

Det er også eit ønskje at ein må kunne sjå meir på tvers av organisasjonen for å redusere uønska deltid i kommunen.

Arbeidsgjevar viser til retningslinjer for redusert bruk av uønska deltid, som vert lagt ved referatet, der det vert sagt at drøftingar skal skje ein gong i året, og det skal vere mogleg å sjå på tvers av tenesteområda for å redusere bruken av deltid.

Sak 2: Mellombels tilsette – innleie

Fagforbundet etterspør ei oversikt over kva som vert nytta og kva som er grunnlaget for dette.

Fagforbundet og NSF tar kontakt med leiarane i PLOMS for eit drøftingsmøte rundt tema.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sak 3: Lærlingar

Fagforbundet ønskjer ei oversikt over kor mange lærlingar som er i kommunen i dag. Status er 3 lærlingar, to innan barne- og ungdomsarbeidar og ein TAF-helsefagarbeidar. Vidare vart det stilt spørsmål om kva som er rutine rundt utveljing av lærlingar. Dette er ein prosess som går gjennom Opplæringskontoret i Nordhordland, men der representantar frå Meland kommune er med i intervju og utveljinga. Fagforbundet påpeikar vidare at det er for få lærlingar i kommunen, då anbefalinga er 1 per 1000 innbyggjar. Arbeidsgjevar er samd i at Meland kommune det er eit viktig mål å få fleire lærlingar, men at den økonomiske situasjonen har gjort det vanskeleg.

Sak 4: Kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling i Meland kommune er bygd opp med ein strategisk del og ein med årlege kompetanseutviklingsplanar på det einskilde tenesteområde. Undervisningspersonale har eige opplegg. Fagforbundet påpeikar at det er lenge sidan det har vore ei kompetanseheving innan PLOMS og ønskjer at tenesteområda ser framover mot kva ein vil trengje, og at det dermed vert lettare for dei som ønskjer vidareutdanning. Arbeidsgjevar viser til at det ikkje berre er snakk om ekstern opplæring, men ein ønskjer eit fokus på intern opplæring også.

Sak 5: Protokoll til Hovudtariffavtalen 2014

Fagforbundet påpeiker at det er viktig at desse punkta vert gjort kjend i organisasjonen. Dei er også svært positiv til at det er kome eit eige punkt som gjeld anbod/konkurranseutsetjing.

Sak 6: Kommunestruktur

Proessen er no i gang. Den 3/11 vert det temamøte i Kommunestyret, og arbeidsgjevar oppmodar HTV som har høve til å møte. Fylkesmann Lars Sponheim og prosessrettleiar Ole Bakkebø vil delta. I Kommunestyret 19/11 vil det verte gjort vedtak om korleis Meland kommune skal gå vidare i prosessen.

Sak 7: Val av medlem til AMU og Velferdsutvalet

Då dei som var medlem er slutta må organisasjonane velje nye medlemmer til begge utvala.

Sak 8: Læring og utvikling

Tenesteområde læring og utvikling er oppløyst. Marihøna barnehage er oppretta som eige tenesteområde og har fått spesialpedagogane knytta til seg. PPT har vorte ein eigen stab. Utdanningsforbundet stilte spørsmål ved kvifor det ikkje har vore drøftingar med tillitsvalde i dette tilfelle, og arbeidsgjevar vil undersøkje saken nærare.

Med helsing

Kathrine Straumøy Brakstad
personalkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Magne Lædre
Irene Hystad Hugaas
Per Inge Olsen
Hogne Brunborg
Rolf Inge Fyllingsnes
Ingvild Hjelmtveit
Kari Anne Iversen
Guro Osnes
Bente Bing Kleiva
Anny Bastesen
Tord Moltumyr
Randi Rotevatn Minde
Britt Hilde Romarheim
Kjell Ølnes
Camilla Smith-Strøm
Solbjørg Åmdal Sandvik

Mottakere:

Anne Laue

Lena Ytreland

Harry Finseth

Kari Røsland Ytterdal

Kjersti Vikebø Nesse

Lillian Torvund

Petter Seliussen

Berit M.Eskeland

Adolf Hovgaard